



Rettleiar – faglærer si fråsegn og skulen si behandling av klager på standpunktkarakterar i fag

Føremålet med denne rettleiaren er å tydeleggjere og konkretisere kva krav forskrift til opplæringslova stiller til saksbehandlinga knytt til klager på standpunktkarakterar. Rettleiaren skal klargjere kva som er forventa av skulen si tilrettelegging av sakene og oversending til klageinstansen. Målet er å skape ei felles forståing og føreseielegheit for alle partar i klagebehandlinga.

Ved klage på standpunktkarakterar skal Statsforvaltaren vurdere om skulen har følgd gjeldande reglar for å fastsetje karakterar, jf. forskrift til opplæringslova § 3-15.

For å opplyse saka, skal skulen sende følgjande til klageinstansen:

- Klagen på standpunktkarakter, inkludert namnet og adressa til klagaren
- Ei fråsegn frå faglærer om korleis standpunktkarakteren er fastsett, eller kvifor det ikkje er sett karakter
- Ei fråsegn frå rektor om skulen si saksbehandling

Klagar skal ha kopi av skulen si oversending.

Faglærer si fråsegn skal inkludere følgjande:

Ei skildring av at standpunktvurderinga er gjort på rett grunnlag

Det er kompetansemåla i læreplanen i faget som er grunnlaget for vurderinga.¹ Faglærer må vise til at eleven er vurdert opp mot den gjeldande læreplanen i faget. Det må vidare gå fram at det ikkje er lagt vekt på omsyn som kompetansemåla ikkje opnar for å legge vekt på. I mange fag er det ikkje høve til å legge vekt på innsats, initiativ eller sjølvstende.² Eleven sine føresetnader, fråvær, orden eller åtferd skal aldri vere ein del av grunnlaget for standpunktvurdering i fag.³ Faglærer må ikkje nødvendigvis greie ut om at det ikkje er lagt vekt på utanforliggende omsyn. Dette kan òg gå fram implisitt av faglærer si skildring av kva som har blitt vektlagt.

Ei skildring av at eleven har blitt gjort kjend med læreplanen i faget og kva som blir vektlagt ved fastsetjinga av standpunktkarakteren

Eleven skal vere kjend med læreplanen i faget og kva det blir lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter.⁴ Faglærer må i si fråsegn vise til korleis eleven er blitt gjort kjend med læreplanen i faget, og korleis eleven er blitt gjort kjend med kva det blir lagt vekt på i fastsetjinga av standpunktkarakteren.

¹ Forskrift til opplæringslova § 3-3 andre ledd første punktum

² Kva omsyn som kan leggst vekt på, må avgjerast etter ei tolking av kompetansemåla i lys av teksten om faget i læreplanen. Denne vurderinga treng ikkje å vere med i fråsegna som blir sendt til klageinstansen.

³ Forskrift til opplæringslova § 3-3 tredje ledd. Fråvær kan likevel føre til at læraren ikkje har vurderingsgrunnlag til å gi standpunktkarakter i faget, jf. forskrifta § 3-3 fjerde ledd.

⁴ Forskrift til opplæringslova § 3-3 andre ledd andre punktum og § 3-15 andre ledd første punktum



Ei skildring av korleis standpunktkarakteren er eit uttrykk for eleven sin kompetanse ved avslutninga av opplæringa

Standpunktkarakteren skal uttrykke den kompetansen eleven har i faget ved avslutninga av opplæringa.⁵ Faglærer si fråsegn må vise når standpunktkarakteren vart fastsett. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til når karakteren vart publisert.

Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av faglærer si vurdering ved avslutninga av opplæringa.⁶ Faglærer må likevel vurdere i kva grad den kompetansen eleven har vist undervegs, gir relevant informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa.

Ei skildring av korleis standpunktkarakteren er fastsett på bakgrunn av at eleven har fått høve til å vise kompetanse på fleire og varierte måtar

Eleven skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar.⁷ Sidan kompetansemåla i fag omfattar ulike ferdigheiter og kunnskapar, skal læraren bruke varierte vurderingsmåtar og vurderingssituasjonar for å få informasjon om eleven sin kompetanse. Læraren sine observasjonar av eleven, samtalar og dialog, er med på å gi læraren kunnskap om eleven si utvikling og kompetanse. Faglærer si fråsegn kan ikkje *berre* vise til resultat frå prøvar og testar, eller berre *ein* eller *få* vurderingssituasjonar. Standpunktkarakteren skal heller ikkje vere eit matematisk gjennomsnitt av karakterar gitt i undervegsvurderingar i løpet av opplæringsåret. Det må komme fram av faglærer si fråsegn at eleven har fått høve til å vise kompetanse på fleire og varierte måtar.

Ei skildring av eleven sin samla kompetanse ut frå læreplanen i faget

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for eleven sin *samla kompetanse*.⁸ Det er ikkje tillate å sette standpunktkarakteren på grunnlag av berre utvalde kompetansemål. For LK20 må faglærer grunnngi eleven sin kompetanse med eksempel som samla dekkar kompetansemåla i faget. Det er ikkje eit krav om å dokumentere at alle kompetansemåla i faget er oppfylt. Det skal gjerast ei samla vurdering. Teksten om faget gir ei innramming av kva samla kompetanse i faget er.

Statsforvaltaren kontrollerer ikkje at alle kompetansemåla er vurdert eksplisitt, men vurderer om det er gjort ei samla vurdering ut frå kompetansemåla i faget. Faglærer kan ikkje skildre eleven sin kompetanse berre i form av talkarakterar, avkryssingar i målskjema, eller gjennom å skildre standpunktkarakteren som eit snitt av karakterar frå undervegsvurderingar. Faglærer må skildre konkret kva kompetanse den aktuelle eleven har vist i faget. Ein må ikkje nødvendigvis vise til konkrete døme for kvart kompetansemål, men dei konkrete døma må reflektere breidda i kompetansemåla i faget.

Rektor si fråsegn skal inkludere følgjande:

Rektor skal alltid uttale seg før klagesaka blir sendt til Statsforvaltaren. Rektor skal gjere greie for om saksgangen på skulen har vore i samsvar med forskrifta.

⁵ Forskrift til opplæringslova § 3-15 første ledd

⁶ Forskrift til opplæringslova § 3-15 andre ledd tredje punktum

⁷ Forskrift til opplæringslova § 3-15 andre ledd andre punktum

⁸ Forskrift til opplæringslova § 3-15 første ledd



Rektor skal kort skildre skulen sine prosedyrar for fastsetjing av standpunktkarakterar. I tillegg skal rektor gjere greie for om standpunktkarakteren er fastsett i samsvar med forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 3-15. Ei sentral del av denne vurderinga er at rektor har vurdert faglærar si fråsegn, og kvalitetssikra denne.

Rektor må ta stilling til om han eller ho vurderer at faglærar si fråsegn viser at standpunktkarakteren er sett i samsvar med reglane for fastsetjing av standpunktkarakterar.

Døme på vurderingar frå faglærarfråsegn:

Vi har henta ut utdrag frå faglærarfråsegn for å konkretisere krava i regelverket. Vi vil presisere at det finns mange måtar å utforme faglærarfråsegna på i tråd med regelverket, og at døma berre er til illustrasjon. Første døme er frå ei sak vi oppheva, medan resten er frå saker vi stadfesta.

Døme på at det er lagt vekt på utanforliggende omsyn:

«[Eleven] viser at han har eit godt gehør, og kan utøve eit variert repertoar av musikk og song på ein god måte, men når det gjeld å spele på eit instrument har eleven ikkje vist interesse for å lære enkle grep på gitar. Derfor oppfyller han dette kompetansemålet berre delvis. Dette går mellom anna på gjentatte påminningar der han skal følgje med og delta på ulike praktiske opplegg i undervisningstimane. Han er ein musikalsk elev, men likevel bruker han sine ferdigheiter i liten grad. Dette har vore kommunisert til eleven fleire gongar i løpet av skuleåret. [...]. På grunn av manglande engasjement og innspel i utøvande arbeid (etter vurderingskriteriene for karaktersetjing), får [eleven] *karakteren tre* i høve til dette kompetansemålet ut frå ei heilskapleg vurdering.»

Døme på skildring av at eleven har blitt gjort kjend med læreplanen i faget og kva som blir vektlagt ved fastsetjinga av standpunktkarakteren:

Døme 1:

«Skolen utarbeider arbeidsplaner for hver uke. Her oppgis tema og innhold i fagene som det skal arbeides med i aktuell periode. På arbeidsplanene informeres det også om delmål og vurderingskriterier selv om dette ofte er utdypet i andre dokumenter som legges på Classroom til elevene. Målene som benyttes ovenfor elevene baserer seg på målene fra Kunnskapsløftet, men er formulert slik at de er mer egnet i dialog med elevene. På denne måten kan eleven se hvilke kompetansemål som står i fokus i den aktuelle perioden.

Vi har jobbet med å forstå mål og vurderingskriterier og hvilken kompetanse som kreves for å oppnå de ulike karakterene. Som utgangspunkt benytter jeg som faglærer læreplanens overordnede del og «om faget» til å forstå kompetansemålene. Deretter formidles dette videre til elevene, men i en prosess der elevene er aktive i arbeidet. Dette gjøres både generelt i faget, men også til spesielle oppgaver, vurderingssituasjoner eller tema.

Arbeidsplanen gjennomgås i starten av perioden og legges på Classroom for elevene. Foresatte har tilgang til planen gjennom lenke på hjemmesiden. Planer med mål er tilgjengelige for elevene senest hver søndag, og gjennomgås med elevene mandag morgen.



[Eleven] har vært til stede når vi har jobbet med dette og har deltatt aktivt i prosessene med å forstå mål og kriterier.»

Døme 2:

«I presentasjon av faget til klassen, og i forbindelse med alle oppgaver, er kompetansemålene delt opp og brutt ned og kjennetegn på måloppnåelse beskrevet. Dette er brukt i løpende fagsamtaler med elevene, ofte brutt ned i praktiske beskrivelser som eleven kan nyttiggjøre seg i læringsprosessen, som framovermelding og veiledning.»

Døme på at standpunktkarakteren er fastsett på bakgrunn av at eleven har fått høve til å vise kompetanse på fleire og varierte måtar:

Døme 1:

«[Eleven] har i stor grad fått vist sin kompetanse gjennom muntlige, skriftlige og praktiske arbeidsmetoder som f.eks.

- Muntlige presentasjoner av tverrfaglige emner, som [...]
- Videre muntlige presentasjoner av [...]
- Klassesamtaler om litteratur
- Se og lage film
- Klasseromsmodellen
- Arbeid med hefte om [...]
- Høytlesning og svar på muntlige spørsmål til tekster
- Ulike gruppeoppgaver

Standpunktkarakteren baserer seg ikke bare på resultater av de mer formelle vurderingssituasjonene, men også den informasjonen jeg har fått om elevens kompetanse gjennom f.eks. observasjoner, diskusjoner og samtaler med [eleven].»

Døme 2:

«Karakteren er satt fra et bredt vurderingsgrunnlag som samlet viser elevens kompetanse i faget. Lærer har hatt en variert undervisning både med bruk av Cappelen Damms digitale læreverk Skolenmin, dokumentarer, tekster og lek, slik at elevene kan få vist sin kompetanse på ulike måter og i ulike sammenhenger. Eleven har i stor grad fått vist sin kompetanse gjennom muntlige, skriftlige og praktiske arbeidsmetoder. Her er noe av det vi har jobbet med dette skoleåret:

- Grppesamtaler og diskusjoner.
- Muntlig og skriftlig oppgave med sammensatt tekst.
- Lytte- og leseoppgaver.
- Muntlige arbeid gjennom lek og spill.
- Lydinnspilling i grupper.»

Døme 3:

«Standpunktkarakteren er basert på et bredt vurderingsgrunnlag med varierte vurderingsformer. Elevene har fått mulighet til å vise sin kompetanse gjennom skriftlige prøver, fagsamtale med lærer, arbeid gjort i timene, enkeltvurderinger i de ulike emnene som er gjennomgått i løpet av



året, et utforskende arbeid knyttet til personlig økonomi, samt gjennom heldagsprøver som er gjennomført ved avslutningen av hvert semester.»

Døme på skildring av eleven sin samla kompetanse ut frå læreplanen i faget:

Døme 1, mat og helse:

«Det som er gjennomgående i vurderingen av elevens kompetanse, er at han har god kompetanse i faget (tilsvarende karakteren 4). I det praktiske arbeidet har eleven vist at han har god kontroll på de vanligste teknikkene på kjøkkenet. Han har kontroll på de fleste rutinene på skolekjøkkenet og lager mat på en stort sett trygg og forsvarlig måte (har god hygiene). Han sørger som regel for at oppvasken blir tatt på riktig måte, men har også vist avvik fra oppvaskrutiner. Han har det stort sett ryddig og hygienisk rundt seg i matlagingen, selv om det enkelte ganger kunne vært ryddet bedre underveis. Når elevene har fått fordele oppgaver seg imellom, har eleven vært delaktig og bidratt godt på gruppen. Eleven har samtidig hatt en generell tendens til å tidvis ikke se arbeidsoppgaver i det videre arbeidet, og dermed blitt noe passiv. Det har skapt en avhengig til medelever for å kunne se videre arbeidsoppgaver, og har således påvirket vurderingen av elevens selvstendighet. Selvstendighet er et av kjennetegnene på høy måloppnåelse i faget. Dette har også ført til at arbeidet har blitt noe usystematisk, noe som vil si at eleven ikke har vært like effektiv.

I den nye læreplanen er det lagt økende vekt på utforsking og eksperimentering. Ett av kompetansemålene er at elevene skal kunne "bruke sansene til å vurdere kvaliteten på matvarer, utforske og kombinere smakar i matlaginga og forbedre oppskrifter, menyar og anretning av mat". Dette har vi også hatt mye fokus på gjennom skoleåret, og elevene er blitt både oppfordret og utfordret til å eksperimentere med smaker, tilsette ulike typer krydder, bruke opp rester, osv. Denne oppfordringen er også knyttet til kjerneelementet "berekraftige matvanar og berekraftig forbruk" som blant annet handler om å bruke om rester. Eleven har i stor grad fulgt oppskriftene og i liten grad forsøkt forbedre eller tilpasse oppskriftene.

Den nye læreplanen legger også vekt på elevenes egenvurdering. Elevene skal kunne vurdere eget praktisk arbeid og forklare valgene som blir tatt. Dette er blant annet blitt gjennomført i form av oppgaver der elevene har svart muntlig eller skriftlig på hvilke endringer de ville ha gjort i etterkant av praktisk gjennomføring. Det er også gjennomført som uformelle samtaler mot slutten av praktiske økter. De har også svart skriftlig på dette enkelte ganger i form av logg. Her har eleven vist evne til vurdere eget arbeid og å forklare egne valg, samtidig som det har vært etterspurt flere refleksjoner om endringer som kunne vært gjort. Det har eleven fått skriftlig tilbakemelding på. Kjennetegn på høyere kompetanse er at eleven skal kunne både vurdere og analysere arbeidet og forklare egne valg i matlagingsprosesser på en måte som viser god forståelse for prosesser i matlaging og kunnskap i faget.

Med utgangspunkt i det som er beskrevet over, er det min samlede totale vurdering som gjør at standpunktkarakter blir satt til karakter 4.»

Døme 2, utvikling av produkt og tenester:

«Eleven har vist at hun kan identifisere et behov for varer og tjenester i nærområdet ved å ha gjennomført en markedsundersøkelse på skolen. Eleven har vist at hun kunne vurdere resultatene og kom frem til et produkt for salg. Faglærer vurderer at analysen var noe mangelfull i forhold til å kunne vurdere markedet på en god måte. Den kunne inneholdt flere spørsmål for å kunne danne et mer presist beslutningsgrunnlag.

Eleven kommer fram til noen nye varer som imøtekommer behovene gitt i markedsundersøkelsen. Vurderingen viser at eleven viser at eleven har kontroll på hvem som er i



målgruppen for produktet. Produktene kunne vært tilpasset markedet i større grad. Varene ble kjøpt på nett, og solgt etter å ha blitt bearbeidet. Det ville vært mer bærekraftig å velge mer kortreiste varer.

Eleven bidrar godt til å etablere en bedrift med eget styre, egne vedtekter og en klar organisasjon. Eleven har god struktur på dette. Eleven bidrar til å sette opp et budsjett med forventede utgifter og inntekter. Eleven klarer å føre et regnskap med litt veiledning. Det burde vært mer struktur på bilag og bedre samarbeid om ansvaret for det økonomiske i bedriften.

Eleven klarer veldig godt å dokumentere bedriften skriftlig og med gode bilder, som viser alle ledd i bedriften. Eleven reflekterer over hva som var vellykket og mindre vellykket i driften av deres bedrift. Eleven har likevel en del å arbeide med når det gjelder refleksjon rundt det som var utfordrende i bedriften.

Faget *Utvikling av produkter og tjenester* handler om at elevene skal få praktisk erfaring med innovasjon, og at de skal bli rustet til å møte utfordringer gjennom å drive en bedrift. Faget skal bidra til at elevene utvikler bevissthet om etikk og bærekraft gjennom kritisk tenkning, refleksjon og samhandling. Eleven har vist at hun har delvis forstått etikken og bærekraften ved å drive en bedrift som har produsert og solgt smykker. Hun har samarbeidet med andre elever på en god måte, men det burde vært bedre samarbeid om ansvaret for den økonomiske siden av bedriften. Når det gjelder vurdering og refleksjon knytt til leveranse og bærekraft burde eleven i større grad vurdert lokale leverandører til råmaterialene, eller vist en refleksjon over valget ved å velge import.

Vi har vurdert at eleven sin samlede kompetanse i faget er middels måloppnåelse og har kompetanse tilsvarende karakteren 4.»

Særlege problemstillingar

Klage på undervegsvurdering

Det er ikkje klagerett på undervegsvurdering. Det vil sei at Statsforvaltaren ikkje kan oppheve vedtak om standpunktkarakter som følgje av at eleven ikkje har fått undervegsvurdering på ein måte og i eit omfang som er i tråd med forskrifta. Manglande undervegsvurdering kan samstundes ha ei side til kravet om at eleven skal vere gjort kjend med kva som blir vektlagt ved fastsetjinga av standpunktkarakteren. Det må komme fram av skulen si oversending at dette kravet er oppfylt.

Skulen vil endre eleven sin standpunktkarakter som følgje av klagen

Skulen kan endre reine føringsfeil, men kan ikkje setje eleven opp eller ned i karakter utan å sende saka til Statsforvaltaren. Dersom skulen etter klagen kjem til at eleven har fått feil karakter, må det komme fram i faglærer eller rektor si fråsegn kva reglar om fastsetjing av standpunktkarakter som ikkje er følgde, eller kva andre grunnar som gjer at skulen vurderer at eleven har fått feil karakter. Skulen kan be Statsforvaltaren om å oppheve vedtaket om standpunktkarakter.

Skulen har avvist saka som følgje av at klagen kom inn for seint

Fristen for å klage på vedtak om standpunktkarakter er 10 dagar.⁹ Eleven eller foreldra kan be om grunngjeving for karakteren innan desse 10 dagane. Ein ny frist på 10 dagar startar når eleven/foreldra får grunngjevinga.

⁹ Fristen startar når «meldinga om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket», jf. forskrift til opplæringslova § 5-5 tredje ledd



Fristen blir rekna i dagar, og ikkje verkedagar. Dersom klagefristen går ut på ein laurdag, helgedag eller dag som er likestilt med helgedag i lovgjevinga, blir fristen forlenga til påfølgjande verkedag.¹⁰

Dersom eleven eller foreldra klagar etter at klagefristen har gått ut, kan skulen avvise klagen. Avvisinga er eit enkeltvedtak som det kan klagast på. Statsforvaltaren er klageinstans.

Som klageinstans for vedtak om avvising vurderer Statsforvaltaren om skulen hadde grunnlag for å avvise klagen. Dersom Statsforvaltaren kjem til at skulen hadde grunnlag for å avvise klagen, stadfestar vi avvisingsvedtaket, og karakteren blir ståande utan klagebehandling. Dersom Statsforvaltaren kjem til at skulen ikkje hadde grunnlag for å avvise klagen, opphevar vi avvisingsvedtaket. Dette betyr at skulen må ta klagen til behandling.

¹⁰ Domstollova § 149, jf. forvaltningslova § 30